

Amerikanske dødsleirar avslørte

Eg abonnerer på søndagsavisa «Observer». Slik blei eg merksam på boka «Other Losses. An Investigation into the Mass Deaths of German Prisoners of War after World War II» (Andre tap. Ei gransking av massedød blant tyske krigsfangar etter andre verdskrigen) av kanadiaren James Bacque. «Observer» prenta ei heller avslørande bokmelding under oppslaget «I USAs dødsleirar». I norske media har eg verken sett eller høyrte eit ord om slike leirar. Kanskje ikkje til å undrast over no når Peer Gynt-folket mest er opptekne av å feire seg sjølve i høve dei femti åra sidan vi «vann» krigen.

Hemmeleghald av dei amerikanske og franske dødsleirane etter andre verdskrigen blei viktigare og viktigare etter som den kalde krigen vart kaldare og kaldare. Vi vende blikket alltid sterkare austover mot Gulag-leirane og annan «djevlskap» og kunnskapen til dei amerikanske krigsfangeleirane vart effektivt gravlagd. Dei 1,7 millionar tyske soldatane som aldri kom til rette etter krigen vart russarane sitt ansvar. Etter 45 år er løyndommen graven opp att etter at ein kanadisk forfattar drog på «fiskeetur» i militærarkiva i Washington.

James Bacque påstår at ein million av dei forsvunne tyske Wehrmacht-soldatane døydd i amerikanske (750.000) og franske (250.000) leirar der krigsfangar ikkje hadde den status folkeretten tilseier. Rett skal vere rett. Talet Bacque gjev er kanskje for stort. Etter ein BBC-film om same emne, ser det slik ut. Men, legg «Observer» til, «Det mest sjokkerande er kanskje ikkje så mykje sjølve utgreiinga, som mistanken om at dersom dette hadde hendt i britiske leirar, då ville Whitehall (regjeringa) ha nekta tilgjenge til dei aktuelle dokumenta.» Kor opne er dei norske arkiva? Eg skal fornye avslått søknad frå 1975, så får vi sjå.

Sjølv amerikanarar har samanlikna amerikanske krigsfangeleirar i 1945 med tyske konsentrasjonsleirar. Det er ikkje noko nytt. Under borgarkrigen på 1860-talet hende grufulle ting i amerikanske krigsfangeleirar. Men det er vanskeleg å unngå konklusjonen, som også er dre-



«Hemmeleghald av dei amerikanske og franske dødsleirane etter andre verdskrigen blei viktigare og viktigare etter som den kalde krigen vart kaldare og kaldare», skriv Svein Blindheim i denne kommentaren.

Kommentar

gen i kanadiske aviser, at «general Eisenhower var ein stor krigsforbrytar. Den hjartelause og rå fangepolitikken hans etter kapitulasjonen tok livet av fleire kapitulerte tyskarar enn amerikanarane drap på det vest-europeiske krigsteatret so lenge krigen varte.»

14. oktober er det 100 år sidan Eisenhower blei fødd. I det høvet fekk eg invitasjon til eit hundreårsball på Hotel Grand i Oslo. I tillegg til Cocktails og Dancing, freista invitasjonen med Eisenhower Favorites til Dinner. Eg er redd eg ville spy om eg skulle ta for meg av Ikes favorittar. Det var ikkje fritt for at tårene kom då eg las om dei umenneskelege påfunna hans for å få avlive så mange tyskarar som råd etter 1945. Då eg la saman boka til Bacque hadde eg større sans for general Patton, som ofte har vore framstilt som ein råtass. I 1945 let general Patton tyske soldatar avvæpne med ordre om å komme seg heim etterpå. Men Eisenhower sette ein stoppar for Patton-ordren. Han tok til og med frå mannen kom-

mandoen over 3. arme.

I den kalde krigen si teneste har vi i mange tiår utbrodert alt det fæle Stålin ville gjere straks krigen var vunnen. Men det var ikkje han som fann på «vilkårslaus kapitulasjon», det gjorde Roosevelt. Dette fall framifrå saman med Eisenhowers ønske om å ødeleggje flest mogleg tyskarar, no når Riket stod utan riksstyre. Eisenhowers biograf, Stephen Ambrose, skriv at generalen ville utrydde heile generalstaben, fleire tusen mann, og at han ikkje berre hata det nazistiske styret, men heile det tyske folket som rase. Målet hans var å drepe flest mogleg.

10. mars 1945 gav Eisenhower ordre om at tyske krigsfangar ikkje lenger skulle ha status som krigsfangar når den vilkårslause tyske kapitulasjonen var eit faktum. Då ville nemleg «motgisla», dei allierte fangane i tyske fangeleirar, bli sette fri. Frå same tid skulle dei kallast «avvæpna fiendestyrkar». Som slike fall dei utanfor avtaleverket frå Geneve. Dermed hadde den internasjonale Raudekrossen ikkje lenger rett til å inspisere fangeleirane. I desse leirane førte dei ikkje fangeprotokollar. Her levde

fangane på bakken, utan vern ver og vind, berre gjerdar inne bak piggråd med matrasjonar å døy av. Med ein setning ove signatur sin sette Eisenhower ordren frå 10. mars i kraft. Med dette resultatet, i følgje «Observer»:

Minst ti gonger så mange kapitulerande tyskarar døydd i amerikanske og franske leirar, som det blei drepte soldatar i kamp i Nordvest-Europa mellom juni 1941 og april 1945. «Slik miste millionar krigsfangar statusen, og maten, sin då dei i løyndom skifte status etter folkeretten.»

Raudekrossen freista sende mat frå kjempeleirane sine med mattog frå Sveits til mellom anna Mannheim og Augsburg i den amerikanske sonen. Men i møte dei veggen — og ordren frå Eisenhower: Returner til Sveits med sendingane. General Patton skreiv heim at Eisenhower brukte «Gestapo-metodar». Like etter døydd Patton under mystiske omstende. Bacque sei ikkje bort frå at ...

Sjølvpøstgang frå fangeleirane til Tyskland blei forboden i mai-ordren. Då britane gjenopptok postgangen i si sone frå juli-august, gjorde ikkje Eisenhower det same. No når krigen var slutt, var han ikkje lenger einveldig i Vest-Europa. Men der han hadde allmakt, i den amerikanske sonen, nytta han makta hundre prosent. Sjølvpøstgangar som til dømes kvekarane, fekk arbeide blant fangane i den amerikanske sonen. Han stengde til og med for hjelpesendingar frå USA.

Korleis kunne dette skje? Kven svikta?

Det var lovene i Landkriksreglementet, Raudekrossen, folkemajoriteten og ikkje minst media. Alle svikta fordi menn som alt var «utnemnde» til store helter, i all løyndom greip makta over liv og død for folk i millionvis som var hjelpelause i hendene deira. Den mektigaste av desse omnipotente mennene var general Eisenhower.

Svein Blindheim

Day of Eid
22/11-90